

Møteprotokoll

Utval: Kompetanse- og næringsutvalet
Møtestad: Tjeldbergodden, Aure (sjå program)
Dato: 08.05.2025 - 08.05.2025
Tid: kl 10:30 - 14:30

Faste medlemer som møtte:

Geir Asle Stenseth

Bente Bruun

Lovise Nikoline Voldsund

Joakim Myklebost Tangen

Harry Valderhaug

Kari Grindvik

Line Hatmosø Hoem

Dordi Boksasp Lerum

Per Ivar Lied

Silje Alise Ness

Funksjon

Leiar

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Representerer

FRP

H

FRP

FRP

KRF

V

AP

SP

SP

UAVH

Forfall

Jens Aklestad

Representerer

AP

Varamedlem

Jarle Ugelstad

Klavenes

Representerer

AP

Eirin Andersen Gravem

AP

Ingen vara møtte

Trygve Grydeland

H

Leif Bjarne Ersnes

H

Frå sekretariatet:

Robert Løvik

seksjonsleiar

Program:

10.30 Ankomst Tjeldbergodden

10.30 Omvisning med buss i Bioparken og Equinors anlegg

Tidligst 11.15 Ankomst Equinors administrasjonsbygg

Presentasjoner inklusive lunch

Tjeldbergodden Utvikling - Status prosjekter - fremtidsmuligheter

Equinor - Dagens anlegg

Equinor - Tjeldbergodden Utviklingsplan

12.30 Politisk møte

Orientering om arbeidet med skule- og tilbudsstruktur v/kompetanse- og næringsdirektøren

Elevrepresentantane får møte- og talerett i sak 27/25 og 28/25 jf. opplæringslova § 10-5.

15.30 Avreise Tjeldbergodden

Frå administrasjonen møte

Erik Brekken kompetanse- og næringsdirektør

Hilde Aspås næringssjef

Møtet blei satt kl 12.30

Ingen merknad til innkallinga

Ingen merknad til saklista.

Saksliste

Saksnr	Sakstittel	Ikkje offentleg
SPU-	Spørsmål	
PS-20/25	Tilskot Skaparkraft - Grøne industrielle løft april 25	
PS-21/25	Søknad om tilskot til Gulrot 110 - Regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket 2025	
PS-22/25	Søknad om tilskot til Job:U Møre og Romsdal 2025-2027 - Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket	
PS-23/25	Havkandidat - Alternativ kvalifiseringsarena for serviceteknikere	
PS-24/25	Aqua Nor 2025 - deltaking frå Kompetanse- og næringsutvalet	
PS-25/25	Høyring - Avgiftsfritak for utanriks sjøfart - avgrensing mot fiske- og fangstfartøy	
PS-26/25	Fylkesstrategi for forskning og innovasjon i Møre og Romsdal 2025-2028	
PS-27/25	Høyring – Forslag til ny forskrift om høgare utdanning (opptaksforskrift)	
PS-28/25	Skoleval 2025	
RS-08/25	Evaluering av fylkeskommunanes akvakulturforvaltning etter forvaltningsreforma i 2010	
RS-09/25	Statusrapport akvakulturforvaltning og fiskeri	
RS-10/25	Tilstand på byggene ved de vidaregåande skolene	
GP-	Godkjenning av protokoll	

Møtet vart heva kl. 14:30

SPU Spørsmål

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Behandling

koordinert vidaregåande utdanning, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Det finst mange ordningar til fullført vidaregåande utdanning; studiekompetanse, lærling, lære kandidat, praksisbrevkandidat, fag-/svenneprøve, privatist, praksiskandidat, vaksenopplæring, minoritetsopplæring, fagbrev på jobb, opplæring i bedrift og sikkert fleire. I tillegg har både NAV og bedrifter eigne ordningar og kurs. Møre og Romsdal treng all arbeidskraft og kompetanse vi kan få tak i i åra som kjem. Korleis er samordninga av dei ulike tiltaka? Møre og Romsdal har gjennomgåande gode resultat for gjennomføring. Likevel er det mange som ikkje fullfører vidaregåande skule, spesielt i yrkesfaga. 1 av 5 i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet, 120.000 unge er ikkje i jobb eller utdanning, berre 1 av 3 over 55 år er i jobb (tal frå NHO). Har vi nok fokus på utdanningstilboda utanfor det ordinære vidaregåande utdanningsløpet på våre 20 vidaregåande skular?

Forsyningsnett straum Nordmøre, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

På Nordmøre og i Romsdal er det ein utfordrande situasjon med tanke på kapasitet til nytt forbruk i kraftsystemet for eksisterande og nye bedrifter. Det er behov for oppgradering av både transmisjonsnett og regionalnett, spesielt i transmisjonsnettet. Kva er status no for ny 420 kV forbindelse frå Isfjorden til Istad til Hustadvika, og til der vi er no; den foreslåtte oppgraderinga av kraftnettet ut mot Tjeldbergodden med ei 420 kV forbindelse Surna - Tjeldbergodden – Snilldal (Trøndelag) i Statnett sitt målnett? Grønt industriløft (jmf Fylkesstrategi for forskning og innovasjon, sak 26/25) peikar på at det er avgjerande at desse planane blir realisert så fort som muleg.

Spørsmåla blei svart ut i slutten av møtet.

PS 20/25 Tilskot Skaparkraft - Grøne industrielle løft april 25

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot til Replast AS for prosjektet "Brukt plastmaterial får nytt liv" på totalt 999 538 kroner.
2. Tilskot vert finansiert med 999 538 kroner frå Skaparkraft programmet, ramme 60 i økonomiplanen. Alle tilskot er avgrensa til maks 50 prosent av godkjent kostnadsoverslag, og er gitt på vilkår av fullfinansiering.
3. Søknad fra Syndicate Art om Frendar- Allianser for en bærekraftig framtid får avslag.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot til Replast AS for prosjektet "Brukt plastmaterial får nytt liv" på totalt 999 538 kroner.
2. Tilskot vert finansiert med 999 538 kroner frå Skaparkraft programmet, ramme 60 i økonomiplanen. Alle tilskot er avgrensa til maks 50 prosent av godkjent kostnadsoverslag, og er gitt på vilkår av fullfinansiering.
3. Søknad fra Syndicate Art om Frendar- Allianser for en bærekraftig framtid får avslag.

PS 21/25 Søknad om tilskot til Gulrot 110 - Regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket 2025

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir Norsk landbruksrådgiving eit tilskot frå Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket, på inntil 1 047 900 kroner til prosjektet Gulrot 110.

Tilskotet er avgrensa til 70 prosent av det totale kostnadsoverslaget på 1 497 000 kroner. For å få støtte frå fylkeskommunen, må prosjektet vere fullfinansiert.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir Norsk landbruksrådgiving eit tilskot frå Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket, på inntil 1 047 900 kroner til prosjektet Gulrot 110.

Tilskotet er avgrensa til 70 prosent av det totale kostnadsoverslaget på 1 497 000 kroner. For å få støtte frå fylkeskommunen, må prosjektet vere fullfinansiert.

PS 22/25 Søknad om tilskot til Job:U Møre og Romsdal 2025-2027 - Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir Skogselskapet i Møre og Romsdal eit tilskot frå Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket, på inntil 750 000 kroner til Job:U Møre og Romsdal 2025-2027.

Tilskotet er avgrensa til 31,4 prosent av det totale kostnadsoverslaget på 2 385 000 kroner.

For å få støtte frå fylkeskommunen, må prosjektet vere fullfinansiert.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir Skogselskapet i Møre og Romsdal eit tilskot frå Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket, på inntil 750 000 kroner til Job:U Møre og Romsdal 2025-2027.

Tilskotet er avgrensa til 31,4 prosent av det totale kostnadsoverslaget på 2 385 000 kroner.

For å få støtte frå fylkeskommunen, må prosjektet vere fullfinansiert.

PS 23/25 Havkandidat - Alternativ kvalifiseringsarena for serviceteknikere

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Vedtak:

Fylkeskommunen avslår søknad om støtte frå Ocean Network til prosjektet «Havkandidat
- Alternativ kvalifiseringsarena for serviceteknikere»

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkeskommunen avslår søknad om støtte frå Ocean Network til prosjektet «Havkandidat
- Alternativ kvalifiseringsarena for serviceteknikere»

PS 24/25 Aqua Nor 2025 - deltaking frå Kompetanse- og næringsutvalet

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Vedtak:

Kompetanse- og næringsutvalet deltek på Aqua Nor 2025 med følgande to representantar,
inkludert vararepresentantar:

1. Geir Asle Stenseth
2. Silje Alise Ness
3. Per Ivar Lied (vara)
4. Kari Grindvik (vara)

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag fremma i møtet frå Stenseth, Valderhaug, Lerum og Lied.**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Kompetanse- og næringsutvalet deltek på Aqua Nor 2025 med følgande to representantar, inkludert vararepresentantar:

1.
2.
3. (vara)
4. (vara)

PS 25/25 Høyring - Avgiftsfritak for utanriks sjøfart - avgrensing mot fiske- og fangstfartøy

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Tilråding:

- Møre og Romsdal fylkeskommune er oppteken av at fiske- og fangstfartøy frå Norge skal konkurrere på like vilkår som fiskefartøy frå andre land.

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det er ei svakheit at høyringa ikkje har sett meir på konsekvensane forslaget kan få for service og bunkringsinfrastrukturen i Norge, inkludert beredskap.
- Møre og Romsdal fylkeskommune er negativ til forslaget om at fiske- og fangstfartøy ikkje lenger skal omfattast av fritaket frå CO₂-avgift som skip i utanriks skipsfart.
- Ordninga med co2 avgift for fiskefartøy som fiskar i fjerne farvatn bør avskaffast så lenge det ikkje finst reell utsleppsfri teknologi tilgjengeleg for slikt fiske.
- Dersom målet er lavare utslepp bør styresmaktene tillate annan fangsteknologi, td moderne flytetral for torsk som kan spare 40% av drivstofforbruket.

Behandling

Avskaffe co2 ordninga for fiske i fjerne farvatn, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Ordninga med co2 avgift for fiskefartøy som fiskar i fjerne farvatn bør avskaffast så lenge det ikkje finst reell utsleppsfri teknologi tilgjengeleg for slikt fiske.

Alternativ fangstteknologi, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Nytt siste pkt: Dersom målet er lavare utslepp bør styresmaktene tillate annan fangsteknologi, td moderne flytetral for torsk som kan spare 40% av drivstofforbruket.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Avskaffe co2 ordninga for fiske i fjerne farvatn**

Per Ivar Lied (SP)

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: Alternativ fangstteknologi

Per Ivar Lied (SP)

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

- Møre og Romsdal fylkeskommune er oppteken av at fiske- og fangstfartøy frå Norge skal konkurrere på like vilkår som fiskefartøy frå andre land.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det er ei svakheit at høyringa ikkje har sett meir på konsekvensane forslaget kan få for service og bunkringsinfrastrukturen i Norge, inkludert beredskap.
- Møre og Romsdal fylkeskommune er negativ til forslaget om at fiske- og fangstfartøy ikkje lenger skal omfattast av fritaket frå CO₂-avgift som skip i utanriks skipsfart.

PS 26/25 Fylkesstrategi for forskning og innovasjon i Møre og Romsdal 2025-2028

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Tilråding:

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtar Fylkesstrategi for forskning og innovasjon i Møre og Romsdal 2025-2028 slik den er lagt fram.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtar Fylkesstrategi for forskning og innovasjon i Møre og Romsdal 2025-2028 slik den er lagt fram.

PS 27/25 Høyring – Forslag til ny forskrift om høgare utdanning (opptaksforskrift)

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Tilråding:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir innspel til høyringa i samsvar med saksframlegget frå fylkeskommunedirektøren.

Behandling

Fjerne alderspoeng, foreslått av Dordi Boksasp Lerum, Senterpartiet

Kompetanse- og næringsutvalet meiner at dersom ein i all hovudsak skal slutte med ordninga med tilleggspoeng i opptak til høgare utdanning, bør dette også gjelde alderspoeng for vaksne. Reduserte alderspoeng vil auke sjansen for at kvalifiserte elevar kan rett etter vidaregåande komme seg inn på ynskeleg studiar. Ved å fjerne insentivet med alderspoeng, aukar vi mengda unge søkjarar på høgare utdanning. På denne måten blir unge menneske raskare ferdigutdanna, for å så komme seg ut i arbeid, noko som er samfunnsøkonomisk effektivt.

Tilleggspoeng for realfag, foreslått av Jarle Ugelstad Klavenes, Arbeiderpartiet

Kompetanse- og næringsutvalget mener at tilleggspoeng til opptak til høyere utdanning bør være begrenset, men støtter at det skal være tilleggspoeng for realfag. Dette vil være et viktig incentiv for at flere elever velger disse fagene. Arbeidslivet i Norge vil framover trenge flere med realfagskompetanse.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Fjerne alderspoeng**

Dordi Boksasp Lerum (SP)

For: 4 stemmer (33%) - AP 2, SP 2

Mot: 8 stemmer (67%) - FRP 3, H 2, KRF 1, UAVH 1, V 1

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Tilleggs poeng for realfag**

Jarle Ugelstad Klavenes (AP), Andre parti: AP

For: 3 stemmer (25%) - AP 2, SP 1

Mot: 9 stemmer (75%) - FRP 3, H 2, KRF 1, SP 1, UAVH 1, V 1

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir innspel til høyringa i samsvar med saksframlegget frå fylkeskommunedirektøren.

PS 28/25 Skoleval 2025

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Vedtak:

I samband med skolevalet 2025 blir det gjennomført debattar og valborg på dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

I samband med skolevalet 2025 blir det gjennomført debattar og valborg på dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal.

RS 08/25 Evaluering av fylkeskommunanes akvakulturforvaltning etter forvaltningsreforma i 2010

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Behandling

Utvalet tok referatsaka til orientering.

RS 09/25 Statusrapport akvakulturforvaltning og fiskeri

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Behandling

Utvalet tok referatsaka til orientering.

RS 10/25 Tilstand på byggene ved de vidaregåande skolene

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Behandling

Utvalet tok referatsaka til orientering.

GP Godkjenning av protokoll

Kompetanse- og næringsutvalet 08.05.2025

Behandling

Protokollen blei godkjent i møte.